

SØKNAD OM UTSLEPP AV KOMMUNALT AVLØPSVATN FRÅ MINDRE TETTSTADER I FLORA KOMMUNE –

Kven har søknadsplikt?

Når du skal etablere eit utslepp av kommunalt avløpsvatn eller vil auke eit eksisterande utslepp vesentleg, må du søke kommunen om utsleppsløyve. Dersom utsleppet er større enn 50 personekvivalentar (pe¹) i mindre tettstader, fyller du ut søknadsskjemaet ”Søknad om utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstader” jf. forurensningsforskrifta kapittel 13. Søknadsskjemaet får du hjå tenestetorget tlf 57 75 60 00, eller du kan laste det ned frå www.flora.kommune.no. Mindre tettstader vert rekna som mindre enn 2000 pe i innlandet og 10 000 pe på kysten. For Flora kommune sin del skal dette skjemaet nyttast for alle utslepp over 50 pe i heile kommunen med unnatak av Florelandet/Brandsøy, då sistnemnde område er definert som tettstad over 10 000 pe. I dette området er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ureiningsmynde for anlegg over 50 pe. **Skjemaet gjeld ikkje for utslepp mindre enn 50 pe og påkopling til offentleg avløpsnett.** Det er ansvarleg eigar sitt ansvar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne handsame søknaden. Handsaming av søknaden startar når eit fullstendig utfyllt søknadsskjema med alle naudsynte vedlegg ligg føre.

Kva må du gjere i god tid før du søker?

Les først denne rettleiinga. Det aller meste av informasjonen du treng vil du få ved å lese denne nøye. Du kan og kontakte kommunen for å få vite kva krav og eventuelle tilpasningar som kan gjelde der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som vert kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gi rettleiing om korleis du skal søke om utsleppsløyve og kva vilkår og krav som gjeld. Du må og sjekke med kommunen om det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunens planar etter plan- og bygningslova. Dersom det ikkje er samsvar, må du innhente løyve frå kommunen. (sjå og pkt 3 (Eigedom/byggestad)

På www.sft.no kan du og finne informasjon om avløpsregelverket og nærare opplysningar.

Innhent naudsynt informasjon og dokumentasjon. Det er ansvarleg eigar som skal hente inn all naudsynt informasjon og syne at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så det kan være lurt å starte tidleg i prosessen.

Du har plikt til å varsle naboar og andre særskilt råka. Med andre særskilt råka meiner ein til dømes friluftsiinteresser, drikkevassinteresser og næringsinteresser. Når du sender varsel til naboer og råka partar skal du samstundes sende kopi til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal varslast kan du be om ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med svarfrist på minst fire veker frå varselet er sendt og skal innehalde dato for uttalefrist. Du må sørge for å få kvittering for at varsel er sendt (til dømes kvittering på rekommandert brev eller underskrift). Oversikt over kven som er varsla, kopi av varselet og kvitteringar må vedleggast søknaden (vedlegg f) saman med eventuelle uttalar/protestar du har motteke (vedlegg g). Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

¹ Personekvivalentar (pe) er eit mål på mengde organisk materiale i avløpsvatnet. Døme på berekning av pe finn du under pkt. 4. Utsleppsstad i denne søketrettleiinga.

Kva må sendast inn til kommunen og korleis vert søknaden handsama?

Søknadsskjema der **alle** punkt er fyllt ut sender du til kommunen saman med **alle** naudsynte vedlegg (sjå pkt. 7. Vedlegg til søknaden). Ein fullstendig søknad skal handsamast av kommunen innan seks veker. Hugs at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, eller du har søkt om unntak frå reinsekra, vil handsaminga av søknaden kunne ta lengre tid. Dersom det har kome protestar i samband med varslingsrunden vil det og kunne føre til at handsaminga tek lengre tid.

For 2007 er sakshandsamingsgebyret for utslepp over 50 pe kr. 3514,-

Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen:	Når kan eg vente svar?
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen	Søknaden skal handsamast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svart på søknaden innan seks veker, kan løyve reknast som gjeve
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekra	Kommunens sakshandsamingsfrist på seks veker gjeld ikke. Sakshandsaminga kan ta lengre tid, men søknaden skal handsamast uten ugrunna opphald
Eg har sendt inn en fullstendig søknad med kopi av protestar som kom inn i varslingsrunden	Kommunens sakshandsamingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Sakshandsaming kan ta lengre tid, men søknaden skal handsamast uten ugrunna opphald
Eg har sendt inn søknad med utilstrekkeleg informasjon eller eg har ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjema er fyllt ut eller det mangler vedlegg)	Søknaden vil ikkje kunne bli handsama. Kommunen vil kontakte deg innan 6 veker og opplyse deg om manglane i søknaden.

Kvar kan du klage på vedtaket?

Eventuell klage må sendast kommunen innan tre veker etter at vedtak er gjeve.

Kva krevst av deg når anlegget er i drift?

Anleggets eigar pliktar å drive og vedlikehalde anlegget slik at lekkasjar kan førebyggast og sjenerande lukt unngåast. Eventuelle (nabo)klager skal oppbevarast i 5 år. Kommunen er tilsynsmynde og fører tilsyn med at krav vert overhaldne. Kommunen kan etterspørre informasjon om anlegget og om drift og lekkasjar. Du må ta vare på slik informasjon i 5 år. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn. Den ansvarlege for private avløpsanlegg større enn 50 pe skal årleg rapportere opplysningar til kommunen innan 1. februar.

Korleis skal eg fylle ut søknadsskjema?

1. Ansvarleg (søkar)

Her skal du gi alle opplysningar som er naudsynte for at kommunen skal kunne kontakte deg eller den organisasjon/verksemd som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søkar er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar/tiltakshavar) og som er ansvarleg for utsleppet, medrekna for anleggets drift og vedlikehald. Det er den som er ansvarleg eigar som eventuelt vil bli ilagt tvangsmulkt dersom krava vert brotne, og det er denne sitt organisasjonsnummer som bør gjevast opp i søknaden. Dersom ansvarleg søkar ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal det gjevast opp under pkt. 8 Eventuelle merknader.

2. Søknaden gjeld

Her skal du gi opp om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg auke av utslepp. Med vesentleg auke meiner ein normalt 25% auke i mengde eller meir, endring i type utslepp og/eller endring i utsleppsstad. Vær merksam på at endring av utslepp og kan medføre at det er fare for nye/større brukarkonfliktar. Det er opp til kommunen å avgjere kva som er vesentleg auke i det einskilde tilfellet. Du må gi opp om søknaden gjeld heilårsbustader, fritidsbustader og/eller andre bygningar, samt tal bygningar i dei ulike kategoriane. Du skal gi opp utsleppet sin forventa storleik før reinsing i tal personekvivalentar (pe). Pe er eit mål på mengde organisk materiale i avløpsvatnet. Fastsetting av personekvivalenter (pe) til bruk i utsleppsløyve skal gjerast i samsvar med "NS 9426 Bestemmelse av personekvivalenter, pe, til bruk i utslippstillatelser for avløpsvann". Standarden er utgjeven av Standard Norge (sjå www.pronorm.no). Generelt gjeld: $1 \text{ personekvivalent} = 1 \text{ person} = 60 \text{ g BOF}_5 = \text{størst vekentleg belastning gjennom året}$. Sjå og forurensningsforskrifta § 11-3 bokstav m for definisjon av pe.

3. Eigedom/byggestad

Her skal du gi opp gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr) og adresse på avløpsanlegget. Gards- og bruksnummer får du ved å vende deg til kommunen. Du må sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde reinseanlegget er i samsvar med kommunens planar etter plan- og bygningslova. Dersom utføringa og/eller lokaliseringa av reinseanlegget ikkje er i samsvar med kommunens planar, må du hente inn løyve frå kommunen. Husk å gi opp dato for når løyve vart gjeve. Dersom kommunen ikkje vil gi løyve kan ikkje anlegget byggast/etablerast.

4. Utsleppsstad:

Her skal du gi opplysningar om utsleppsstaden, det vil sei om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, elvemunning, sjø osv. Du skal gi opp navn på lokaliteten og kartkoordinatar. Kart med kartkoordinatar på kan du få hjå tenestetorget. I løpet av januar/februar 2007 vil du finne kart på kommunens internettsider. Husk å gi opp kva kartdatum/koordinatsystem du nyttar. På kommunens kart vert det nytta NGO 48 akse 1. Avløpsanlegget si plassering og utsleppsstad skal merkast av på kartet. På same kart skal du og merke av eigedomsgrenser og eventuell tilkomst via veg (for slamtømming, vedlikehold etc.). Kartet skal vedleggast søknaden (vedlegg d). Det er viktig at utsleppsstaden for avløpsvatn vert lokalisert og utforma slik at verknadane av utsleppet på miljøet blir minst mogleg, og at brukarkonfliktar kan unngåast. Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du gi opp kor mange meter under lågaste vasstand det vert sleppt ut (utsleppsdjup) og utsleppsarrangement.

5. Reinsegrad

Kva reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn er avhengig av om utsleppsområdet vert klassifisert som følsomt/normalt område eller mindre følsomt område. For å finne ut kva reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn, må du difor først finne ut om utsleppsstaden ligg i:

Normalt område – Alle ferskvatnførekostar i Flora kommune, dvs der ein ikkje kan etablere utslepp i sjø

Mindre følsomt område – I Flora kommune gjeld dette alle utslepp til sjø.

Ingen område i Flora er definert som følsomme.

5.1. Normalt område:

Dersom staden du vil sleppe ut til er klassifisert som normalt område, set du kryss i boksen 5.1 (Reinsegrad jf. §13-7, følsomt/normalt område). Dersom søknaden gjeld kommunalt avløpsvatn skal du krysse i boks 5.1.a (90 % reduksjon av fosfor) som har det strengaste reinsekravet.

5.2. Mindre følsomt område:

Dersom staden du vil sleppe ut til er mindre følsomt område, skal du sette kryss i boks 5.2 (Reinsegrad jf. §13-8, mindre følsomt område). Du må i tillegg spesifisere reinsegrad ved å krysse av for **anten**: 5.2.a (20 % reduksjon av suspendert stoff); **eller** 5.2.b (Maksimum 100 mg suspendert stoff/liter i restkonsentrasjonen).

5.3. Unntak frå reinsekrava:

Dersom du søker om **unntak frå reinsekrava** skal du krysse av i boks 5.3 (Det vert søkt unntak frå §§13-7 til 13-8). Husk at grunngeving/spesifisering for ønske om unntak frå reinsekrav må leggest ved søknaden (vedlegg a). Det kan være nyttig å ta kontakt med kommunen eller ein fagkyndig for å få naudsynt informasjon eller rettleiing om kva reinsekrav som gjeld der du planlegg utslepp. Du kan og få ein fagkyndig til å gjere vurderingane for deg. Anleggets dimensjonerte storleik skal oppgjevast i tal personekvivalentar pe. Dette vil du kunne finne til dømes i anleggsleverandørens dokumentasjon. Vurdering av kor stort anlegg du skal velge bør gjerast med et perspektiv på 10 år. Dimensjoneringa kan uansett ikkje være mindre enn utsleppet sin forventa storleik som du har gjeve opp under pkt. 2 i søknadsskjemaet.

6. Opplysningar om medverknad frå nøytral fagkyndig

Her skal du gi opp kven (nøytral fagkyndig person/firma/leverandør) som har medverka i dimensjonering og utforming av reinseanlegget, og kven som skal medverke med bygging/installasjon. Informasjon om ulike typar reinseanlegg og reinsekrav finn du mellom anna på nettstaden www.avlop.no.

7. Vedlegg til søknaden

Søknaden vert ikkje rekna som fullstendig før alle naudsynte vedlegg ligg føre. Manglar naudsynte vedlegg vil søknaden ikkje bli handsama. Under finn du ei liste over naudsynte vedlegg med forklaring.

a. Grunngeving for ynskje om unntak frå §§ 13-7 til 13-15 eller relevant dokumentasjon

Dersom du søker om unntak fra reinsekrav, skal dette grunnjevast særskilt. Vær merksam på at dersom det vert søkt om unntak frå krav, gjeld ikkje kommunens sakshandsamingsfrist på 6 veker.

b. For reinseanlegg med naturleg infiltrasjon: Skildring av anlegg og dokumentasjon av reinsegrad jf. § 13-13 (gjeld ikkje for anlegg som gjennomfører årleg prøvetaking)

Dette vedlegget skal berre leggest ved dersom du ynskjer å installere reinseanlegg med naturleg infiltrasjon. For skildring av kva vedlegget skal innehalde, sjå pkt. 6 (Val, utforming og dimensjonering av reinseanlegg og dokumentasjon av reinsegrad).

c. Reinseanlegg som gjennomfører årleg prøvetaking: Skildring av anlegg (type, reinseprosess, slamhandsaming, leverandør (modell/materiale) etc.) og dokumentasjon på korleis utslepp skal etablerast og drivast jf. § 13-12 (gjeld ikkje for infiltrasjonsanlegg utan årleg prøvetaking)

Dette vedlegget skal berre leggst ved dersom du skal gjennomføre årleg prøvetaking. For skildring av kva vedlegget skal innehalde, sjå pkt. 6 (Val, utforming og dimensjonering av reinseanlegg og dokumentasjon av reinsegrad).

d. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald osv) på kart i målestokk 1:5000 eller større

Sjå pkt. 4. Utsleppstad

e. Liste over eigedommar tilknytt avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse eller kart som syner området reinseanlegget skal tene

Dersom du skal knytte deg til eit eksisterande reinseanlegg eller avløpsleidning skal du **anten** legge ved ei liste over kva bygningar som alt er tilknytt anlegget **eller** eit kart kor du har markert området som anlegget skal tene. Gnr. og bnr. for bygningane får du ved å vende deg til kommunen. Dersom det ikkje er bygningar knytt til anlegget frå før skal du sette eit kryss i boksen ”Ikkje relevant.”

f. Oversikt over interesser som vert råka (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd etc). Skildring av tiltak for å motverke interessekonflikter og tiltak for å ta i vare helse og miljø.

Brukarinteresser knytt til utsleppsstaden vil ha stor betydning for plassering og utforming av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som kan/vil bli råka av utsleppet (til dømes drikkevatt, bading, fiske, turløyper etc.) og utsleppsstaden si plassering i høve til dei ulike brukarinteressene. Vedlegget skal og innehalde ei skildring av tiltak for å motverke interessekonflikter for å ta i vare helse og miljø. Dersom du er i tvil, kan det være nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan føreta ei nøytral vurdering.

g. Oversikt over kven som er varsla om det planlagde utsleppet og kopi av kvitteringer som syner at varsel er sendt

Du må lage en liste over kven som har blitt varsla om det planlagde utsleppet og du må legge ved kvittering på at varsel er sendt dei respektive (til dømes kvittering på rekommandert sending eller underskrift).

h. Uttalar mottekne i varslingsrunden

Dersom du har motteke uttalar i varslingsrunden skal desse leggst ved søknaden.

8. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal handsamast.

9. Underskrift og erklæring

Med di underskrift innestår du for at du har gjeve rette og fullstendige opplysningar og at du pliktar deg til å følge dei gjevne føresegner og krav, herunder føresegner som gjelder drift og vedlikehold.